

Arkivnr: 2018/16486-53  
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		11.06.2019

**Historisk markering av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.10.19 - innretning av gjesteliste****Forslag til vedtak**

FN-AU er samd i prosjektleiaren sitt forslag til innretning på gjesteliste til den historiske markeringa av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.oktober 2019, og at denne innretninga og eventuelle merknader i møtet vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg gjesteliste og utsending av invitasjonar.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Prosjektleiar, 28.05.2019****Bakgrunn for saka**

Prosjektleiar viser til sak i FN-AU, 130519, om markering av Vestland fylkeskommune. I saka, som arbeidsutvalet slutta seg til, vart det i samband med konstitueringa av Vestland fylkesting, lagt opp til ei historisk markering av den nye fylkeskommunen i Håkonshallen i Bergen, 15.april 2019.

Prosjektleiar legg med dette fram ei sak som foreslår innretning på gjesteliste og deltakarar til denne historiske markeringa.

**Innretning på gjesteliste**

Prosjektleiar legg til grunn eit samla tal på opptil 290 deltakarar på arrangementet i Håkonshallen, der eit viktig føremål er i størst mogleg grad å inkludere kommunane, folkevalde på Stortinget, eksterne samarbeidspartnarar, næringsliv, etatar, organisasjonar m.m. i sjøsettinga av den nye fylkeskommunen.

Prosjektleiar foreslår derfor at dagens to fylkesting vert representert med fellesnemnda på markeringa, og legg til grunn følgjande hoveddinnretning på deltaking og invitasjonar:

- Vestland fylkesting
- Fellesnemnda
- Dagens fylkesrådmenn
- Administrasjon i Vestland fylkeskommune
- Hovudtillitsvalde
- Regjering/departement
- Hordalandsbenken på Stortinget
- Sogn og Fjordane-benken på Stortinget
- Nye ordførarar/byrådsleiar i 43 kommunar
- Nye fylkesordførarar i Vestlandsrådet (Rogaland og Møre og Romsdal)
- Fylkesmannen i Vestland

Dette vil medføre om lag 100 gjester som kan inviterast frå organisasjonar, statlege etatar, næringsliv, utdanning og forskning, kultur og idrett, media, samarbeidspartnarar, særskilte gjester osv.

Prosjektleiar vil utfordre FN-AU til å peike på særskilte representantar og deltakarar utover eller innanfor denne innretninga som bør inviterast til den historiske markeringa av Vestland fylkeskommune i Håkonshallen, 15.oktober 2019.